

Da dalsbygdingar og osinger drog på sikfiske i Tufsinga

Allereie tidleg på 1600-talet var det eit omfattande fiske etter sik på gytevandring frå Femunden og oppover Tufsinga. På denne elvestrekninga frå sjøen og opp i Tufsingdalen var det stor konsentrasjon av halvkilos gytesik. Slik var det mogleg å fange store mengder god matfisk på tre-fire vekers tid om hausten. Unsetingar, tylldølar, tynsetingar, vingelsingar og dalsbygdingar var med på dette fisket. Vi bruker eit bestemt år, 1788, da dalsbygdingar og osingar fiska. På mange vis kan vi ta det som eit eksempel og rekne med at det gjekk føre seg på liknande måte når folk frå Tyllaldalen, Tynset og Vingelen fiska her. Først på 1800-talet var ikkje fisket for desse bygdene rekningsvarande og ebba ut. Fisket til unsetingane skil seg ut på fleire måtar, så eg har ikkje teke det med her.

Om hausten i året 1788 drog 21 dalsbygdingar og osingar på fiske i Tufsinga. Dei var:

Erik Oppstuen Os, (1742-1817)

brukar på Opsen-Os.

Lars Knutsen Trøen, (1747-1798)

brukar på Trøen-Os (garden eksisterer ikkje i dag, gått inn i nabobruket).

Torgeir Håkensen Haugen, (1738-1812), brukar på Oshaugen.

Iver Olsen Os, brukar på Ivarsom, Os Nordre. Etter brannen 2. mai 1940 bygd oppatt under Os Ytre.

Jo Ingulfen Os, (1738-1819), brukar på Os Ytre.

Per Olsen Øver Os, (gift med enka Kari Embretsdotter, enka i Ustu Os.

Per er såleis brukar på Utstugarden).

Tore Halstensen Hafsjøen (Høsøya) (1727-1792), brukar på Høsøya Nordre.

Per Jensen Narjord (1758-1830), brukar på Sønvisgarden.

Hans Rasmusen Narjord, frå Odden (1734-1759), kårmann på Sønvisgarden, stefar til Per Jensen.

Tolleiv Håkensen Sund, (1740-1817), brukar på Nedre Sundgarden.

Per Simensen Breen, (1733-1808), brukar på Simensgjelta Breen.

Ola Eriksen Utustuen, (1740-1808), brukar på Utstu Breen.

Erik Olsen Fremsen, (1734-1798), brukar på Fremstugjelta Breen.


Jo Eirksen Midtstuen, (1729-1809), brukar på Mestu Breen. Storparten av denne garden er gått inn i naboeiendommene. Ein liten del, Lian, er i dag berre hus og tomt.

Per Persen Trøen, (1749-1796), brukar på Trøen Breen.

Ole Ingebrigtsen Eggen, (1736-1791), brukar på Nygarden Breen.

Lars Persen Breen, (1736-1791),
 brukar på Nygarden Breen
 (Nygarden Øvre frå 1813).
 Enken Kari Kristoffersdatter,
 (1711-1793), opprinneleg frå Kvikne,
 enkje etter Tore Estensen,
 (1710-1775), Ytre-Østu-Breen.
 På denne garden er kløvkistefjøla får
 1588 funnen. Sjå nedanfor.
 Enka Ingeborg Gjelten, (1756-1833),
 stervboenke på Ytre Nordstu,
 Håkonsgjelta Breen, enkje etter
 Håkon Persen, (1746-1787).
 Nils Fabroåsen, (1727-1799),
 brukar på Fabroåsen, Os.
 Bersven Olsen Breen, (1723-1801),
 brukar på Bersvenshaugen
 (Ytterhaugen Breen).

Legg merke til at alle som var med på fisketuren frå Dalsbygda, kjem frå gardar under Breen, (Breansgarden eller Storgarden i den eldre dagligtalen). Ingen kjem frå Østgarden, Nordgarden, Nordvangen eller Berg. Ein interessant samantreff er òg at det eldste daterte trestykke i Dalsbygda er eit bord av ei kløvkiste med innskrifta:



”Oluf Østensen paa Bræde Anno Domino 1588”, funnen på garden Ousta i Breansgarden – foto frå Thoralf Grue: *Os i Østerdalene*, 1943. Det er vel ikkje uri-

meleg å tru at breansingane fiska i Tufsinnga allereie i 1588. Elles er det seks frå sjøve grenda Osgarden og fem frå gardar bygde ut frå Osgarden.

Lista er førd av læraren og klokka-
 ren John Simensen Grue, (1729-1807).
 Han var fødd på Simagarden på Tolga
 og vart inngifta på Gruvgarden med
 Sigrud Grue, og herifrå stammar den
 evnerike Grue-ætta. Han rekna ut at da
 skylda var 4 riksdalar, 2 ort og 1 skil-
 ling, vart det å betale på kvart sitt år.
 Året etter Dalsbygda skulle Tyllidalen
 fiske, så Vingelen og så Tynset to år på
 rad. Deretter begynte dei på nytt att.
 Dette systemet varte 1700-talet ut. Det
 var slik at dei kunne fiske ovafor
 Korstrømmen og dele not med (fiske
 samtidig med) unsettingane derifrå og
 ut i Femunden. Først på 1800-talet slut-
 ta desse bygdene å fiske her. Dei to
 enkjene sende vel helst søner.

*Kor mange kløvhestar hadde dei med?
 Kor mykje fisk fekk dei?*

Hadde dei ein hest kvar, kunne dei
 frakte heimatt om lag 60 kg på kvar
 hest. Det blir ein 12-1300 kilo. Etter at
 tufsingdølane overtok og dreiv notfiske
 i elva, tok dei godt over 3000 halvki-
 losfiskar i gjennomsnitt for hausten. I
 rekordåret 1940 var det fiska 13000 sik.
 Det er ikkje nemnt nokon stad at dei
 frakta fisk heim på vinterføre slik som
 rendølane frakta fisk frå Sølen-sjøen.
 Esten Trøen i boka ”Vingelen sogn” skriv
 at vingelsmennene frakta fisken i tre-
 kasser i tunne bord som dei festa i
 kløva. Hestane som var med, beitte ved
 elva og var inngjerda, så dei ikkje
 rømde heim att.

Korleis oppbevarte dei fisken?

For å ta vare på fisken hadde dei vel inga betre råd enn å salte ned fisken før dei tok han med heim.

Kan vi no i ettertid finne vegen dei fór?

Det er over fem mil frå Dalsbygda til fiskeplassane i Tufsinga. Dalsbygdingane fór nok den gamle kjerkvegen til Os. Før det vart bru over Glåma i Os, var det sundstad ved garden Sundet med båtfrakt over elva. Dei fann tomta etter naustet rundt år 1900. Elles var det vel vad; der kunne både folk og dyr koma over. Både garden Volden og Narjordet var tidlegare setrar under Os-garden med gammal seterveg. Vi må vel da rekne med at dei fór over Nøra oppover der det no er natursti. På skilt nr. 18 ved Storhåen står det at denne ferdselsleia var frå 1660 til 1820 kløvvegen til grenda Narjordet, Narbu-voll, Øversjødalen, Tufsingdalen og vidare utover.



Omlag slik såg vel vegen oppover Nørdalen ut i 1788 òg.

Mannen frå Høsøyen, Tore Halstensen, fór nok den snaraste vegen over fjellet og møtte dei andre i Narjordet. Leia frå Høsøyen og Høsdalen fell saman med vegen frå Håneset.

Vegen går opp mot Halstenshøgda og passerer fjelltoppen på austsida. Vidare går leia eit godt stykke aust for Høskletten og beint over Ormgras-høgda, litt på austsida av Storslett-høgda og forbi nokre lokar. Herifrå er det strak veg til setra hans, det som no er Rønningsvollen. Dette er den gamle setervegen der dei gjekk med dyra sommar og haust, kløvjeveg og kjøreveg med veltvogn. Så gjekk vegen til Sønvisgarden der han møtte dei andre fiskarane.



Rønningsvollen i Nørdalen hørte opprinneleg til Høsøya nordre, og Tore Halstensen brukte nok setervegen til han kom saman med dei andre fiskarane i Narjordet.

Her har vi det gamle sagnet om Sollerngubben som fortel om den gamle vegleia.

Sollerngubben på øya Sollern i Femunden hadde tuskhandla med Osmannen og bytta ei tynne elgmarg mot ei tynne smør. Det vart noe ugreie, og lensmannen frå Hornset i Rendalen skulle ordne opp. Han meinte Sollerngubben var heidning. Han tok turen til Femunden, men Sollerngubben var ikkje heime, så han tok med kona, dottera og kua og la leia mot Os. Da Sollerngubben kom heim, drog han etter.

I Nördalen ved Håan nådde han att dei og fekk lensmannen i syne. Da spente Sollerngubben arbusta. ”No smaill det ti stålbauvå hass far”, sa dottera. ”Nei, det knepp visst berre ti klauven hinna Løpros”, svara mora. I det same stod stål-pila i lensmannen. Der dei grov ned lensmannen, heiter det no Lensmanns-grava, og der Sollerngubben skaut, heiter det Stillbakken.

Det var folk frå Narjordet med, så dei fór nok derom. Kanskje dei hadde rast der òg. Alle måtte møte til fisket på same dag, så der fór kanskje i følge òg. Den gamle vegleia gjekk på austsida av Narsjøen og til Kvilvangen. Både ved Narsjøen og Siksjøen hadde vingelskarene buvoller frå gammalt av. Julnatta i

1718 var det 12 vingelsingar som ovarnatta i fiskebua ved Siksjøen. Dei hadde rømt unna dei 300 svensk-finske dragonane som fór over Vingelen for å møte Armfelts hovudstyrke i Trøndelag. På Narbuvoll var det no elles fast busetting frå 1738. Det er vel rimeleg at dei drog strake vegen til Tufsingdalen på vestsida av Siksjøen. I Tufsingdalen var det fast busetting etter dei begynte drift ved sølvgruva i 1713. Det var òg mogleg å fara om Holla og på austsida av Siksjøen og ned i Tufsingdalen.

Kvar heldt dei til under fisket?

Dei hadde vel buer ved elva frå gammalt av og båtar. Dei skulle møte til



Fiskevegen frå Dalsbygda til Tufsingdalen.

fastsett dato ved hølen nedafor Korstrømmen. Kanskje det var her dei heldt til. No har tufsingdølane fleire naust og bu her. Det går elles sagn om at tylldølan heldt til ved garden Sæter og hadde familie med og derfor kalla stellet Sæter². Datoen for fiskestart var 11. september. (Forlik 1704). Vi må vel rekne med at dei fiska, kanskje i lag på fire, og at dei fordelte fiskeplassane etter eit slags system. I seinare tid er det rekna med 15 notvarp ned til Rendalsbua og 5 derifrå og ut i Femunden. Nokre av fiskarane hadde slektingar i Tufsingdalen. Kanskje dei budde der og hadde samarbeid med slektingane. Tufsingdølane hadde vel frå første tid drive eit eller anna slags fiske i Tufsinga.



Tufsingdølane har båtนาusta sine ved Strømmen. I buer i dette området budde vel fiskarane frå Dalsbygda og Os i 1788.

Kva for fiskereiskapar brukte dei?

Det var vel fleire nøter i bruk og fleire båtar på same tid for at fisket skulle bli effektivt. Ei moderne dranot er vel ein 20-25 meter lang og ein par meter djup. Dei gamle dokumenta presiserer at ingen har lov til å stenge heile elva, anten det er med nett eller sløe.

Kor lang tid fiska dei?

Skal vi rekne med at dei fiska frå to til fire veker, i den tida gytevandringa varte.

Kven har no rett til dette notfisket?

Dei 12 eldste gardane i Tufsingdalen hadde lott i notfisket i heile elva. Ein lott er seld til Holm på Os. Elleve gardar i Unsetgrenda har rett til notfisket frå Korstrømmen og ut i Femunden. Dei kallar det Kora-fiskjet.

Framtida?

Den gamle fiskemåten er arbeidskrevjande og blir vel ikkje drive så intenst som før. No er det ofte knapt med tid, men vi vel rekne med at denne viktige matressursen, som siken i Tufsinga er, blir utnytta i framtida. Kanskje det no er på tide å oppheve helgefredinga. Med moderne arbeidstider kunne ein frede elva midt i veka og ha notfisket i helgane.

Kjelder:

Tore Myre, 2552 Dalsbygda, *har skaffa bakgrunnsopplysningar om fiskarane som var med på ferda i 1786, og vore stifinnar for kløvjevogane austover til Tufsinga.*

Thoralf Grue, *Os i Østerdalene, 1943.*

Brit Nordhagen: *Fiskets virke og betydning i Tufsingdalen, særøppgave ved Høgskolen i Bodø, avdeling for lærerutdanning, 1997.*

John Midtdal: *Midtdal: Tufsingdalen. 1991.*

Gustav Tank: *Tufsingelvens fiskeri, Bygd og bonde, 1928, side 132 til 158.*

Munnlege kjelder:

John Midtdal, 2555 Tufsingdalen

Kåre Bakken, 2555 Tufsingdalen

Trygve Nesset

2500 Tynset